



Vestnes kommune



midt i blinken

VELKOMMEN TIL TOMREFJORD SFO

Vi ønskjer ditt barn velkommen til vår SFO! Vi gler oss til å bli kjent med dei nye barna som skal starte på SFO, og ser fram til eit godt samarbeid med dere foreldre/ føresette!

2025-2026



Første SFO-dag for skule-året 2025/2026 er måndag 18.august 2025. SFO følgjer skuleåret, og har åpent når det er skuledagar og stengt når skulen har stengt.

Siste SFO-dag er fredag 19.juni 2026.

Ferietilbod kan kjøpast i tillegg (informasjon om dette finn de lenger ned)

DAGSRYTME:

06.45-08.10	SFO åpen for barn som har morgontilbod
08.10-12.00 (ons og fre)	Skule
08.10-13.45 (man, tirs, tors)	
12.00-13.45 (ons og fre)	Uteleik/ evt delt gruppe ute/inne
13.45-14.30	Måltid: Buffet som barna forsyner seg frå.
14.30-16.30	Leik/ aktivitetar ute eller inne
16.30	Sfo stengjer

**TILSETTE VED SFO
2025/2026:**

Elisabeth Selnes: Rektor
Linda Tomren: SFO-leiar
Marianne Moe Vik
Grete Eik Bjermeland
Kristin Ulvestad Frostad
Elin Anett Finnvik
May-Britt Monstad
Heidi Bårdsnes
Wenche Aasmoe
Vala Arnardottir
Laila Stenersen Longva
Oleksandra Garan
Ganna Bogdan

BARNEGRUPPA:

Det er totalt 60 barn som har plass ved sfo ved oppstart.

31 jenter og 29 gutar.

Fordelinga er slik:

- 1.klasse: 21 barn
- 2.klasse: 14 barn
- 3.klasse: 14 barn
- 4.klasse: 11 barn

Vedtekter:

Ein oppmodar alle føresette til å lese gjennom vedtektene til SFO. Lenkje under:

<https://www.vestnes.kommune.no/f/p1/i170a6a59-fc24-4e11-9358-d2b015a7c779/revideerte-vedtekter-sfo-22.pdf>

KONTAKT MELLOM FORELDRE OG SFO:

Mange av dykk treff vi kvar dag ved levering/ henting av barna. For beskjedar som gjeld ditt barn, så kan dei også gis i Visma-appen eller pr telefon ved at de ringjer eller sender melding. Beskjedar som gjeld same dag bør vere gitt om morgonen før kl 07.55 for å sikre oss at vi har fått det med oss. Beskjed om at barn t.d skal heim rett etter skulen må også gå til kontaktlærar.

Om det er ting de ynskjer å ta opp direkte med leiar, så ta kontakt med henne.

Tlf nr til SFO-avdeling: 95 89 71 04

Tlf nr til SFO-leiar: 90 86 57 05

Min skole app/Visma flyt skole.

E-post: linda.tomren@vestnes.kommune.no

FORVENTNINGAR:

Kva kan du forvente av SFO:

- At nye får ekstra oppmerksomheit og nok tid til å etablere tryggleik den første tida.
- At barnet ditt får trøyst og omsorg når det treng det.
- At barnet ditt blir sett om det opplever isolasjon og «vennetørke».
- At SFO-tilsette tek kontakt dersom dei er bekymra for noko knytt til ditt barn.
- At SFO-tilsette viser deg respekt og godtek så langt det let seg gjere dine løysingar knytt opp til oppsedinga av ditt barn, som du kjenner best.

Kva kan du ikkje forvente av SFO:

- At alle tilsette til ei kvar tid veit kor ditt barn oppheld seg, men nokon veit og vi skal hjelpe deg å finne barnet på kort tid.
- I travle periodar får dessverre ikkje alle barn den personlege oppfølgjinga dei treng, slik dei kanskje fekk i barnehagen.
- Det er ikkje automatikk i at det som skjer på skulen er kjent for SFO. Spesielle samarbeidstiltak må de be som sjølv.
- At personalet kan følgje barnet i garderoba og passe på at det tek med alt det treng av klede/ utstyr når det går heim.

Kva SFO forventar av føresette:

- At de seier i frå til personalet når barnet ditt blir henta.
- At de jevnleg ryddar garderobeplassen til barnet og ser etter at dei har alt dei treng.
- At de hjelper oss å overhalde reglar og rutinar vi har på SFO.
- At de overheld tidsfristar og leverer skjema innan gjeldande frist.
- At de tek opp ting direkte med oss, så kan vi saman kome fram til gode løysingar.
- At de er oppdatert på det som skjer på SFO.



SFO-KVARDAGEN:

MORGON-TILBOD:

SFO åpner kl 06.45. Vi er i SFO-lokalet fram til kl 07.55. Frå kl 07.55 fram til skulestart kl 08.10 er barna i klasseromma sine. Der er klasserom-vakt i klasseromma frå kl 07.55 fram til skulestart.

På morgonane legg vi opp til rolege aktivitetar, som t.d spel, teikning, div handarbeid, byggje-aktivitetar med t.d PlusPlus.

Frokost: Dei som skal ete frokost ved SFO må ha kome til kl 07.30. Barna tek med frokost sjølv. Melk til drikke får dei frå SFO. Barna får ete etterkvart som dei kjem. Vi avsluttar frokosten ca kl 07.50.

ETTERMIDDAGS-TILBOD:

På onsdag og fredag, når skulen sluttar kl 12.00, så går vi ut og er ute fram til måltidet kl 13.45.

På mandag, tirsdag og torsdag, når skulen sluttar kl 13.45, går barna direkte til SFO-basen sin og startar på måltid.

Det vert lagt stor vekt på den frie leiken på SFO. Barna får i stor grad velgje sjølv kva dei vil halde på med.

Vi prioriterar å vere mykje ute, så det er viktig at barna har klede til all slags vær.

Når vi er inne brukar vi SFO-rommet/ kjøkkenet og klasseromma i tilknytning til SFO. Vi har tilgang til å bruke Oasen/ idrettsbygget om der er ledig.

MÅLTID:

Klokkeslett: 13.45

På ettermiddagsmåltidet har vi buffet med grovbrød og knekkebrød, div pålegg, grønnsaker/ frukt som barna forsyner seg frå sjølv. Til drikke har barna tilbod om melk og vatn.

Inn i mellom lagar vi varm-mat, steiker rundstykker, har frokostblanding, m.m som vi et til måltidet.



LEVERING:

Det er foreldra som har ansvaret for barna til dei er komne inn i SFO-avdelinga. Personalet har ikkje anledning til å gå ut å sjå etter barn, eller opp i garderobane for å sjå kven som har komt. Førsteklassingane skal følgjast heilt inn i SFO når dei blir levert på morgon-SFO.

HENTING:

Når du hentar barnet ditt, så må du alltid seie i frå til personalet, slik at barnet blir kryssa ut frå lista, og at antal barn som er på sfo til ei kvar tid stemmer.

1.klassingar skal hentast nede på sfo, ikkje sendast ut.

Når du først har kome for å hente barnet, så ynskjer vi at du tek med barnet heim då, og ikkje gjer nye avtalar og kjem og hentar seinare.

Beskjedar til SFO kan leggjast inn i appen «Min skole».

Om det er bekjedar som gjeld at barnet skal noko direkte etter skuleslutt, så må desse beskjedane også gå til skulen.

SFO skal ha beskjed frå føresette når:

- Nokon andre enn foreldra skal hente barnet.
- Når aktivitetar (t.d aspirantøving, dans) i regi av kulturskulen, som er i SFO-tida, er avlyst.
- Barn skal sendast frå SFO til andre aktivitetar utanfor skuleområdet, t.d forballtrening.
- Barn skal bli med andre heim når dei blir henta.
- Om barn ikkje skal på SFO etter skuletid.
- Om barnet skal gå heim sjølv.

Vedr barn som skal gå heim sjølv:

Om barn skal gå heim sjølv er det føresette sitt ansvar frå barnet forlet SFO-avdelinga til det kjem heim. Føresette må vere sikre på at sitt barn er modent nok til å gjere gode vurderingar i forhold til trafikk, og anna som det evt måtte møte på heimveg. Personalet ved SFO har i utgangspunktet ikkje anledning til å følgje barn i garderobene for å passe på at dei tek med det som trengst heim, så også her bør barnet vere modent nok for ansvaret. Føresette til barn som fast går heim sjølv eller tek buss, bør kome innom jevnleg og sjekke over korgene med skifteklede, og hjelpe barnet med å halde orden i garderoba.

Barn har ikkje lov til å ringje heim for å lage nye avtalar i SFO-tida. Mobiltelefon eller smartklokke skal vere avslått så lenge barnet er på skulen/ SFO sitt område.

FERIETILBOD:

Alle som har plass ved SFO har moglegheit til å kjøpe ferietilbod utanom skuleruta. Påmelding til ferietilbod på SFO blir sendt ut via Visma Flyt Skule før kvar ferie.

Fristar for påmelding er:

- Ferietilbod før skulestart: 10. april
- Ferietilbod i haustferien: 10. september
- Ferietilbod i vinterferien: 10. januar
- Ferietilbod etter skuleslutt: 10. mars

I vedtektene til Vestnes kommune vedr SFO står det at det må vere minimum 12 påmeldte barn om det skal bli ferietilbod. Ved Tomrefjord SFO har vi hatt få påmeldte barn, så då har tilbodet blitt slått saman med Helland SFO, og barna frå Tomrefjord har hatt sitt ferietilbod ved Helland SFO. Det er personal frå Tomrefjord der i delar av åpningstida.

Om det blir færre enn 12 påmeldte barn til saman frå både Helland SFO og Tomrefjord SFO i ferieåpne veker, må SFO halde stengt – jamfør vedtekter i Vestnes kommune.

Tlf nr til Helland sfo: 97 16 60 67

BETALING AV SFO-PLASS:

Det vert sendt ut faktura kvar månad. Ved manglande betaling 2 månadar, så vil barnet ditt risikere å tape plassen sin ved SFO (jfr vedtektene). I august og juni er det halv betaling pga at det ikkje er sfo heile månaden.

ANNA INFORMASJON:

- Det er ikkje lov å ta med privat leikeutstyr på SFO.
- Hugs å merke klede og sko, då er det lettare å finne den rette eigaren om noko skulle kome på avveie.
- Pass på at barna har klede som passar til vær/ årstid. Vottar bør dei ha fleire par av, då desse ofte blir våte i friminutt på skulen, og det er kjekt med tørre vottar når vi skal ut igjen på sfo.
- Pass på at barna har nok skifteklede.
- Alt av klede/ sko skal takast heim til alle feriar for å få skikkeleg vask av garderobane.

Vi ser fram til eit nytt sfo-år i lag med sfo-barna, og til godt samarbeid med dykk føresette!
Velkommen til oss!



